



Arkivnr: 2018/555-1

Saksbehandlar: Henrik Løseth Jansen og Arthur Kristian Arnesen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.02.2018

### Deltaking i Grønt kystfartsprogram

#### Samandrag

Partnerskapsprogrammet Grønt kystfartsprogram ønsker at Hordaland fylkeskommune deltek som partner. Programvisjonen er at Noreg skal etablere verdas mest effektive og miljøvenlege kystfart drevet heilt eller dels med batteri, LNG eller andre miljøvenlege drivstoff. Målet med fylkeskommunen sin deltaking i partnerskapet er å medverke til at det etablerast føresetnader og transportløyningar for eit effektivt grønt maritimt skifte. Deltaking vil medverke til at fylkeskommunen oppnår konkrete delmål i klimaplanen og til å styrke grøn konkurransekraft i næringslivet.

**Økonomi:** Deltaking i partnerskapsprogrammet Grønt kystfartsprogram forpliktar til ein kontingent over 2 år a 50 000 NOK – forutsatt full støtte frå Innovasjon Norge. Fylkesrådmannen rår til at deltaking blir finansiert gjennom «partnerskap næringsliv/forsking innan grønt skifte».

**Klima:** Deltaking gjev føresetnad for store kutt i utslepp av klimagassar frå kystfart.

**Folkehelse:** Ikkje aktuelt

**Regional planstrategi:** Måla til Grønt kystfartsprogram er i tråd med strategiane knytt til klima- og miljøvenleg utvikling og samarbeid i ein sterk vestlandsregion.

#### Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune deltek som partner i Grønt Kystfartsprogram. Kontingenten på til saman 100 000 NOK blir finansiert gjennom «partnerskap næringsliv/forsking innan grønt skifte».

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandall  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 18.01.2018**

Grønt kystfartsprogram er eit partnerskap-program mellom myndigheiter og privat næringsliv og skal vere eit effektivt virkemiddel for iverksetjing av Regjeringas maritime- og havnestrategi, som har som målsetjing at Noreg etablerer verdas mest effektive og miljøvenlege kystfart. Programmet er sett saman av 40 deltakarar frå næringa, inkludert aktørar innan offentleg forvaltning. Heile maritim verdikjede er med i programmet.

Programmet gjennomførast i fire fasar. I fase 1 (jan 2015 – mars 2016) hadde programmet som mål å vurdere potensial for batteri- og gassbasert transport. Det blei hovudsakleg fokusert på skipstekniske løysingar. I fase 2 (juni 2016 - ) blei businesscaser evaluert og vidareutvikla. Insentiv og virkemiddel blei vurdert og det blei etablert konsensus om korleis nøkkelbarrierar og utfordringar skal overkommast. Programmet går no inn i fase 3 der fokuset vil vere på fjerning av barrierar og utvikling av detaljerte implementeringsplanar. I programmet sin fjerde og avsluttande fase skal implementeringsplanane gjennomførast og løysingar skalerast. Med deltaking er Hordaland fylkeskommune i fase 3 forplikta til ein kontingent på 50 000 NOK årleg i to år – forutsatt full støtte frå Innovasjon Norge.

Ei økt deltaking frå Hordaland fylkeskommune kan medverke til at det i Noreg etablerast føresetnader og transportløysingar som mogleggjer eit omfattande og effektivt grønt maritimt skifte, noko som er naudsynt om Noreg og norske myndigheiter skal nå sine klima- og miljøforpliktingar.

Både reiarlag og leverandørbedrifter i Hordaland ligg langt framme i utviklinga av produkt og tenester for eit grønt maritimt skifte. Grønt kystfartsprogram kan medverke til å styrke denne utviklinga. Deltaking her vil også vere i tråd med fylkeskommunen sin målsetting om å medverke til å styrke grøn konkurranskraft i næringslivet.

Deltaking i partnerskapet vil medverke positivt til strategi D, mål 26 «*Sjøfartsnæringa i Hordaland skal ta i bruk den mest klimavenlege sjøfartsteknologien, og skal innan 2020 vere den mest berekraftige sjøtransporten i verda.*» under kapittel 5.3. Strategiar for arealbruk og transport i klimaplanen for Hordaland. Deltaking vil og medverke til strategi A, mål 1: «*Meir entreprenørskap og innovasjon.*» og strategi B, mål 6: «*Aktivt fremme klima- og miljøomsyn gjennom offentlege innkjøp.*» i klimaplanens kapittel 6.3 Strategiar for næring og teknologi.

Fylkesrådmannen rår på bakgrunn av dette til at Hordaland fylkeskommune deltek i partnerskapet Grønt kystfartsprogram og at kontingenten på til saman 100 000 NOK blir finansiert gjennom «partnerskap næringsliv/forsking innan grønt skifte».